

# Instruks for bruk av Stordalshallen:

(pr 20.10 2010)

## Idrettshallen:

- ❖ Det er ikkje tillatt å klatre i klatreveggen utan at dette vert leia av godkjend instruktør.
- ❖ Det er ikkje tillatt å bruke konkurransetrampolina utan at dette vert leia av godkjend instruktør.
- ❖ Kvar brukargruppe må sjølv stille med eige førstehjelpsutstyr.
- ❖ Kontroller at små og store handballmål, som ikkje er i bruk, er forsvarleg festa til veggen.
- ❖ Kontroller at handballmål, som er i bruk, er forsvarleg festa til golvet. (Om boltane berre delvis er festa, vil dette også medføre fare, i tillegg til at golvet kan verte øydelagt)
- ❖ Før handballmål som har vore i bruk skal fjernast, må boltane løysast. (Om dette ikkje vert gjort kan også store skadar verte påført golvet)
- ❖ Utstysrom er ikkje eit leikerom. Porten til utstysrom skal latast heilt att under trening og sjølv sagt i etterkant av treninga. Born må ikkje opphalde seg der, då det er mykje tungt utstyr dei kan få utover seg.
- ❖ Berre godkjende innesko kan nyttast. Dette skal vere reine sko og sko som ikkje set merke. (det er ikkje berre svarte sko som set merke)
- ❖ Drikkeflasker og anna som den enkelte har med seg skal ikkje takast med inn i idrettshallen.
- ❖ Nødutgangane (dørene) skal ikkje nyttast til "vanleg" ferdsel inn og ut av hallen.
- ❖ Nødutgangane skal til ei kvar tid vere mogleg å nytte og difor må det vere fri veg til disse.
- ❖ Stolar og bord kan ikkje nyttast inne i idrettshallen utan at golvet er dekt til.
- ❖ La hovuddøra inn til hallen vere låst, slik at vi ikkje får trakk inn i hallen med utesko. Det er garderobane som skal nyttast når ein skal inn i idrettshallen til trening. Dei som eventuelt vil sjå på, kan bruke tribuna eller gå gjennom garderobe og sette av seg utesko der.
- ❖ Leiar er ansvarleg for at golvet vert behandla skikkeleg når tungt utstyr skal flyttast på (t.d. volleyballstativ, trampoline og handballmål) og vidare at golvet vert dekt til når tungt utstyr (t.d. minitrampett o.l.) vert plassert ut på golvet.
- ❖ Etter bruk skal alt utstyr på plass der ein fann det. Det er t.d. ikkje nok å få utstyret inn på utstysrommet, det må i tillegg plasserast på rett stad.
- ❖ Etter bruk skal alle dører låsast. Vidare skal alle lys slåast av. Straumutgiftene vert då vesentleg reduserte. Om neste gruppe står klar til "å ta over" treng ein naturlegvis ikkje sløkkje, men lås likevel dører til rom/skap som ikkje skal takast i bruk.
- ❖ Når ein forlet garderobane skal rot og rusk vere plassert i bosskorga.
- ❖ Siste gruppe kvar kveld moppar hallen, sløkkjer alle lys og låser alle dører.

## Grendasalen:

- ❖ Etter bruk skal golvet moppast med tørrmopp eller våtmopp. (våtmopp ved søl)
- ❖ Alt utstyr skal setjast på plass. (gjeld også stolar etc på scene)
- ❖ Sjekk at det ikkje ligg noko på eller ved omnane.
- ❖ Lat att evt. opne vindauge.
- ❖ Lås alle dører. NB! Gjeld også dør mot stadion. Sløkk lyset.
- ❖ Det skal alltid, etter bruk, stå 5 bord med tilhøyrande stolar ved vindauga og langs veggen mot idrettshallen. Det bør vere same farge på stolane ved borda langs kvar vegg.
- ❖ Plasser ikkje stolar og anna framfor skap for brannslange.
- ❖ Grendasalen skal ikkje nyttast til ballspelaktivitet.

## **Kjøkken:**

- ❖ Ved bruk av kjøkken skal dette forlatast ryddig og reint.
- ❖ Om oppvaskmaskin har vore i bruk, hugs også å ta ut ”nyglå”
- ❖ Sjekk at alt det elektriske er slått av før du forlet kjøkkenet. (støpsel til kaffitraktar skal vere teke ut)

## **Garderobar:**

- ❖ Etter bruk skal også disse forlatast ryddig og reingjort. Dette gjeld sjølvstakt også i samband med treningar og fotballkampar på stadion.
- ❖ Før ein forlet lokala, skal lys sløkkjast og dører låsast.

## **Uteområde:**

- ❖ Uteområdet skal også haldast ryddig og reint.
- ❖ Alt utstyr som vert nytta i samband med arrangement av ulikt slag, skal fjernast omgåande etter arrangementet (om ikkje anna er avtalt)
- ❖ Det er særskilt viktig understreke at alle nødutgangar må vere opne og frie, slik at evt. evakuering ikkje vert hindra.
- ❖ Parkeringsplassane for rørslehemma må også til ei kvar tid haldast fri for utstyr og anna.

## **Generelt:**

- ❖ Leiar av aktiviteten skal ha gjort seg kjend med branninstruksen.
- ❖ Vis ekstra varsemd i høve til alt som kan medføre brannfare. (T.d. gjeld dette bruken av alt det elektriske og ikkje minst kva som evt. vert lagt i søppesekkar o.s.v) Søppesekkanane skal flyttast til eigen container mot stadion.

- ❖ Loggboka skal førast etter kvar gong, anten dette gjeld trening, øving, møte eller anna. (Var alt som det skulle vere ved oppstart, feil eller manglar oppdaga ? o.l.) Loggen ligg på skrivepulten på vaktrommet.
- ❖ Moppelista skal også førast, uansett om dette gjeld grandasalen eller hallen. Denne ligg i plastmappe på vaskeromet. (siste gruppe skal som kjent moppe den delen av idrettshallen denne har nytta)
- ❖ Både i grendasal og ikkje minst i idrettshallen kan lysstyrken regulerast. Her kan det sparast straumutgifter.
- ❖ Det skal ikkje opphalde seg ”uvedkomande” på vaktrommet. Om nokon skal inn dit, må dette avtalast med leiar av aktiviteten.
- ❖ Ved bruk av lyd- og lysanlegget, så må også dette setjast tilbake der det høyrer heime. Om lite lydanlegg på vogn (eller delar av dette) vert nytta, må dette naturlegvis koplust saman ”slik det *skal* vere.”

## **”Stordalshallen – skapt av innbyggjarane sine eigne hender – vil også bli ivareteken av dei” (utdrag frå driftsfilosofien)**

Ideellt sett skal det vere betre i Stordalshallen når vi forlet denne, enn det var då vi kom!